

04/2771 - 38

SAKNR. 72/04
MØTEDATO 14.12.04

Saksgang	Møtedato	Saknr	Saksordfører
Fylkesutvalet	09.12.04	292/04	
Fylkestinget	14.12.04	72/04	

**NOU 2004:19 Livskraftige distrikter og regioner -
(Distriktskommisjonen) - Høyringsfråsegn**

Innstillinga frå fylkesutvalet vert ettersendt.



Arkivsak 200306329-42
Arkivnr. 712
Saksh. Torgersen, Matti

Saksgang	Møtedato
Fylkesutvalet	09.12.2004
Fylkestinget	14.12.2004

NOU 2004:19 LIVSKRAFTIGE DISTRIKTER OG REGIONER (DISTRIKTSKOMMISJONEN) - HØYRINGSFRÅSEGN

SAMANDRAG

Distriktskommisjonen vart sett ned av Regjeringa i februar i 2003. Mandatet vart å gå igjennom alle sider ved distrikts- og regionalpolitikken, og gjere framlegg om endringar i innretting og verkemiddelbruk. Kommisjonen sitt arbeid ligg føre som NOU 2004:19 Livskraftige distrikter og regioner, og er no til høyring.

Utgreiinga er sendt med to ulike høyringsfristar, 14. oktober 2005 for tema som er knytt til framtidig fylkes- og kommunestruktur, oppgåvefordeling og maktfordeling/regionalisering. For andre tema i utgreiinga er høyringsfrist sett til 14. januar 2005.

Vi meiner at det er sentralt å handsame heile høyringa innan fristen 14. januar, og vil handsame heile meldinga innan denne fristen. Dette er også i tråd med tilrådinga til KS. Etter det eg kjenner til, vil også dei andre fylkeskommunane uttale seg om heile meldinga. Det kan vere aktuelt å kome med ei supplerande uttale innan fristen 14. oktober 2005 dersom den politiske prosessen lokalt eller sentralt skulle tilseie dette.

Hovudmålet for distriktskommisjonen er å skape vekst og utvikling i alle delar av landet, for på denne måten å auke den nasjonale verdiskapinga. For å sikre dette, må politikken ha eit regionalt perspektiv, som går ut over den einskilde kommune, og vere tilpassa føresetnader og behov i den einskilde region.

Heile kommisjonen tilrår at ein hovudstrategi bør vere å desentralisere makt til underliggjande forvaltingsnivå. Vidare at staten framleis skal ha det overordna ansvaret for sektorpolitikken og å fastsetje distrikts- og regionalpolitiske målsettingar knytt til dei ulike politikkområda.

Fleirtalet meiner det er behov for desentralisering av makt til både kommune- og regionnivå. Mellom anna ønskjer dei eit langt sterkare regionalt nivå enn dagens fylkeskommunar, og meiner at dette må skje gjennom desentralisering av oppgåver og makt frå staten. Fleirtalet meiner regionane bør ha eit heilskapleg ansvar for regional utvikling og ta over viktige oppgåver innan infrastruktur og

samferdsel, utdanning og forskning, næringsutvikling, kultur og idrett, kommuneoverskridande areal- og ressursforvaltning, visse oppgåver innan helse samt verkemiddel innan viktige distriktsnæringar.

Mindretalet ønskjer ei avvikling av fylkeskommunen og etablering av ein ny forvaltningsstruktur med to folkevalde nivå. Først og fremst ser ein føre seg ei samanslåing av kommunar, for mellom anna å skape einskaplege forvaltningsstrukturar rundt dei naturlige arbeids-, bu og serviceregionane som har vokse fram over tid. I tillegg meiner mindretalet at ein del oppgåver må løysast på eit større regionalt nivå. Dette kan dels gjerast gjennom fleksible samarbeidsmodellar mellom kommunane, og dels ved å vidareutvikle fylkesmannsembetet eller bli erstatta med ein ny regional struktur, t.d. leia av politisk oppnemnde representantar for den sittande regjeringa ("guvernørar").


Utgreiinga inneheld også ei rekkje konkrete framlegg for å auka verdiskaping i heile landet.

Fylkesrådmannen rår til i hovudsak å følgje fleirtalsinnstillingane. Saka må sjåast i samheng med sak om "KOU 2004:1 Sterke regioner - høringsfråsegn" og til sak om "Utgreiing av eit eventuelt nytt regionalt nivå på Vestlandet".

Sjølve utgreiinga til Distriktskommisjonen – NOU 2004:19, er tidlegare sendt fylkestingmedlemmane i eiga sending.

FORSLAG TIL INNSTILLING

- 1 Fylkestinget sluttar seg til Distriktskommisjonen si tilråding om at det er behov for eit nytt folkevald regionalt nivå med større regionar til erstatning for dagens fylkeskommunar.
- 2 Fylkestinget støttar Distriktskommisjonen si tilråding om omfattande desentralisering og samordning av verkemiddel i distrikts- og regionalpolitikken til eit regionalt folkevald nivå. Sterke og sjølvstendige regionar må ha mynde til å føreta ei reell samordning av politikken på område som er viktige for regional utvikling. Dette vil bidra til å skape vekst og utvikling og til å utløyse meir av verdiskapingspotensialet i alle delar av landet.
- 3 Fylkestinget sluttar seg i hovudsak til Distriktskommisjonen sitt framlegg om kva for oppgåver som bør leggjast til det nye folkevalde regionale nivået.
- 4 Fylkestinget meiner det er viktig at spørsmålet om utforming av det framtidige folkevalde regionale nivået blir avklart snarast råd, og rår til at ein ikkje avventar den planlagde evalueringa av fylkeskommunen i 2007.
- 5 Fylkestinget sluttar seg elles i all hovudsak til fleirtalstilrådingane frå Distriktskommisjonen med dei merknadene som følgjer av saksutgreiinga.


Paul M. Nilsen


Jan Per Styve

Vedlegg: Høring på Distriktskommisjonens utredning. Brev frå KRD datert 14. oktober.
(NOU 2004:19 – sendt fylkestinget direkte)

Innleiing

Distriktskommisjonen vart sett ned av Regjeringa i februar i 2003. Kommisjonen sitt arbeid ligg føre som NOU 2004:19 Livskraftige distrikter og regioner, og er no til høyring.

Mandat til distriktskommisjonen

Kommisjonen fekk følgjande mandat:

"Distriktskommisjonen skal foreta en gjennomgang av helheten i dagens distrikts- og regionalpolitikk, det vil si av både "bred" og "smal" statlig politikk, som har betydning for bosetting og regional utvikling. Gjennomgangen må være basert på en drøfting av mål, verdi-grunnlag og problemforståelser i forhold til aktuelle utfordringer i distrikts- og regionalpolitikken, knyttet til for eksempel endringer i bosettingspreferanser og i næringsstruktur. Gjennomgangen skal også ses i sammenheng med virkemiddelbruk i andre sammenlignbare land.

Hensikten med en slik kommisjon er å legge grunnlaget for en bred politisk forankring av innretningen og valg av typer virkemidler i distrikts- og regionalpolitikken. Kommisjonen skal særlig foreta en vurdering av virkemiddeltyper som kan bidra til nyskaping og næringsutvikling, og derigjennom fremme bosetting og levedyktige lokalsamfunn. Kommisjonen skal legge fram konkrete forslag til endringer for å styrke eller endre dagens innretning av virkemidler i distrikts- og regionalpolitikken. Forslagene må gi grunnlag for prioriteringer innenfor eksisterende økonomiske rammer, og vurderes i et kjønns- og aldersperspektiv. De må også bygge på rammebetingelsene EØS-medlemskapet og WTO gir for valg og innretning av virkemidler.

Regjeringen legger opp til at distriktskommisjonen bl.a. skal bygge på arbeidet i Effektutredningen, som vurderer virkningene av ulike typer statlig innsats for regional utvikling og distriktspolitiske mål. Det vil også være aktuelt å bygge på resultater fra andre utredninger. Det må forøvrig i arbeidet legges vekt på at distriktspolitikken avveies mot andre overordnede samfunnsmessige hensyn, herunder effektivitet i økonomien, miljø m.v. "

Innspel frå Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune har etter invitasjon ved to høve gitt innspel til distriktskommisjonen. Det første omfatta "virkelighetsbildet", Ft-sak 295/03, der det vart gjort følgjande vedtak:

"Hordaland fylkeskommune viser til vedlagte notat som innspel til Distriktskommisjonen, og vil særleg framheve følgjande:

- I. Fylkestinget i Hordaland meiner at målet for distrikts- og regionalpolitikken framleis bør vere å oppretthalde hovudtrekka i busetnadsmønsteret. Dette krev regionale strategiar i eit nært samspel med lokale og regionale partnarar for å nå målet om vekstkraftige og levedyktige lokalsamfunn.
Det må m.a. leggjast vekt på tiltak som reduserer presset og veksten i Oslo og Oslo-området.*
- II. Langsiktige regionalt utforma strategiar for næringsutvikling bygd på eit partnerskap mellom lokale og regionale aktørar er sentralt for å styrkje vekstkrafta i regionen. Eit betre kommunikasjonsnett (t.d. Kyststamvegen) og auka satsing på FOU innanfor næringsutvikling er viktige verkemidlar. Det er eit kostnadsproblem for industri i Hordaland med høge bompengar og dårlege vegar. Vogntog Bergen – Stavanger har i dag bompengar / ferjeutgifter på kr. 2.500 pr. tur. Vestlandet har ein kostnad på transport på 14 % mot Austlandet 7 % i høve til varekost.*
- III. Landsdelsentra som "motor" for landsdelen(delane) må styrkjast. Dette gjeld særleg innan offentleg og privat tenesteyting og nærings- og kulturmiljøa i byane. Ei viss desentralisering av statsadministrasjonen kan vere eit godt verkemiddel.
Eit nettverk av robuste og attraktive region- og lokalsentra (funksjonelle ABS-regioner) for handel, offentlige tenester, næringsutvikling, bustader og kultur, må bli viktigare satsingsområde i distrikts- og regionalpolitikken.*

- IV. *Framtidig verdiskaping krev fridom til å prøve ut nye løysingar og god lokal og regional forankring. Det sentrale er likskap i moglegheiter. Kommunar og regionar bør sjølve fastsetje si utvikling innanfor overordna nasjonale mål og rammor.*
- V. *Det bør prøvast ut ordningar med kontraktbasert styring mellom kommunesektoren og staten. Styrking av folkevalde lokale og regionale forvaltningsnivå krev først og fremst ein balanse mellom ambisjonar på sentralt nivå og ressursar som blir tilført lokal og regional forankring, samt overføring av reell mynde frå staten.*
- VI. *Kommunar og fylkeskommunar må i større utstrekning samarbeide over grensene om felles utfordringar. Slikt samarbeid må staten aktivt støtta på ein heilt anna måte enn i dag. Kommunane og fylkeskommunane må stå fritt til å velje eventuell samanslåing.*
- VII. *Hordaland fylkeskommune er budd på å ta utfordringa som regional utviklingsaktør i partnerskap med kommunar og næringslivet, og må då ha råderett over verkemiddel som er sentrale for regional utvikling i regionen. Gjennom Vestlandsrådet ligg det til rette for å ta råderetten over statlege verkemiddel som krev større regionar. Basert på erfaringane med rådet, bør det vurderast om dette samarbeidet på sikt skal danne grunnlag for ein større Vestlandsregion.*
- VIII. *Distriktskommisjonen må i langt større grad synleggjere ungdom og kvinner, jamfør mandatet. Viktige stikkord her er: Trivselstiltak, lokale kulturtilbod, gode kollektivtilbod, og nærleik til gode helsetenester.*
- IX. *Fylkestinget vil understreke kor grunnleggjande viktig det er for distrikta å ha tilgang til breiband på lik line med byar og større tettstader."*

Det andre innspelet var knytt verkemiddel i distrikts- og regionalpolitikken (Fuv-sak 85-04), der det vart gjort følgjande vedtak:

1. *"Fylkesutvalet meiner at når oppgåver ikkje er nasjonale og/eller sterkt rettighetsorienterte, bør avgjerder bli gjort av lokaldemokratiske organ på lågast effektive forvaltningsnivå. Demokratiske organ i kommunar og fylkeskommunar vil ha naudsynt nærleik til dei aktuelle problema, og kunne sikre at offentlige oppgåver løysast med innsikt og kunnskap om lokale og regionale føresetnader. Kva for oppgåver eit slikt regionalt nivå vil kunne ta på seg, vil m.a. vere avhengig av storleiken på det framtidige regionale nivået.*
2. *Hovudoppgåva innan næringsutvikling for eit regionalt folkevald nivå vil vere å utforme mål og strategiar for næringspolitikken og ha eit hovudansvar for iverksetjing av dette. Regionane bør til dømes få eit utvida ansvar for verkemidlar innan arbeidsmarknadspolitikk, utviklingsoppgåver innan landbruk, større delar av dei statlege regionalpolitiske verkemidla og fiskeoppdrettsforvaltning.*
3. *Rolla for eit regionalt folkevald nivå er å utforme overordna mål og strategiar innan kommunikasjonar der ulike kommunikasjonsformar blir sett i samanheng, og der kommunikasjonar blir sett i samanheng med andre sentrale område som miljø, befolkningsutvikling, arealforvaltning og næringsutvikling. Aktuelle område for eit regionalt nivå kan vera planlegging og prioritering innan riks- og stamvegar, større ansvar for regionale transporttenester og midlar til IKT-utvikling.*
4. *Ei sentral oppgåve for eit regionalt folkevald nivå er å utvikle betre samspel mellom utdanning, forskning, kultur og næringsutvikling, slik at kunnskap blir teke i bruk. Døme på verkemiddel kan vere regionalisering av delar av forskingsrådet sine midlar, større ansvar for høgskulesektoren og utviklingsoppgåver innan vidaregåande opplæring som fylkesmannen i dag har ansvar for.*
5. *Det vil vere naturleg at fylkeskommunen i rolla som regional utviklingsaktør får ei nøkkelrolle i utviklinga av den kulturelle utviklinga, og at dei nye midla i si heilskap blir forvalta regionalt i eit samarbeid med kommunar og statlege regionale styresmakter, høgskular, kulturinstitusjonar og andre samarbeidspartar. Ein vil også kunne sjå samanheng i ressursar på kultur- og idrettsområdet med ressursar til andre samfunnsområde som næringsutvikling, folkehelse og miljø på ein samordna og heilskapleg politikk.*
6. *Det bør leggjast til grunn ulike typar av incitament (økonomiske og ev. juridiske) for å sikre at byane og nabokommunane i eit bu- og arbeidsmarknadsdistrikt samarbeidar om område som infrastruktur, arealbruk og næringsutvikling.*

7. *Staten bør koordinere sin sektorpolitikk og stå fram med ein heilskapleg verkemiddelinnsetning i høve til dei funksjonelle by/storbyregionane i landet. Spesielt vil vi peike på at den geografiske inndelinga i ulike statlege etatar har skjedd utan ei sentral koordinering*
8. *Det vil vere naturleg at regionale institusjonar blir lagt til dei store byane der dette er naturleg, og med dette styrkjar deira regionale funksjon. Kulturmiljø i storbyen må stimulerast til å samarbeide og - når dette er naturleg - å vere kompetansesentra for heile landsdelen. Turneverksemd i landsdelen bør stimulerast.*
9. *Ved å utvikle regionsentra og ein del andre tettstadar til attraktive knutepunkt, vil ein kunne stimulere til rekruttering/tilflytting, og folk vil innan rimeleg reisetid ha tilbod som reduserer behovet for å bu i storbyen.*
10. *Eit hovudproblem for mange bedrifter i distrikta er tilgang på kapital. Det bør sikrast kapitaltilgang til konjunkturutsatte bedrifter med eit framtidig potensiale i mellombelse nedgangstider.*
11. *Indirekte verkemiddel gitt i tilknytning til regionale utviklingsprogram har i mange tilfelle gitt gode resultat, og bør aukast monaleg. Det er også eit stort potensiale gjennom kommunalt styrte verkemiddel som gir høve til lokal eigarskap, initiativ og til å handle raskt med detaljert kunnskap om behova på staden.*
12. *Den elektroniske infrastrukturen må dekkje heile landet med ein god bandbredde.*
13. *Avviklinga og nedbygginga av dei statlege tilskota til regionale og kommunale næringsfond har gitt negative utslag for tiltaksarbeid og omstillingstiltak i distrikta. Tilskotsordninga må gjeninnførast snarast.*
14. *Ved desentralisering av makt, mynde og ressursar må det tilsvarende byggjast ned på det nivået makt, mynde og ressursar blir overført frå.*
15. *Det bør gjevast større lokal/regional handlefridom på verkemiddel som t.d. skatt."*

Høyringsfrist

Distriktskommisjonen er sendt med to ulike høyringsfristar, 14. oktober 2005 for tema som er knytt til framtidig fylkes- og kommunestruktur, oppgåvefordeling og maktfordeling/regionalisering. For andre tema i utgreininga er høyringsfrist sett til 14. januar 2005.

Vi meiner at det er sentralt å handsame heile høyringa innan fristen 14. januar, og vil handsame heile meldinga innan denne fristen. Dette er også i tråd med tilrådinga til KS. Dette av fleire grunner

- Det er behov for ei rask avklaring av framtidig forvaltningsstruktur. Framtida til det regionale nivået har vore utgreidd lenge, og det er no behov for å ta stilling til desse spørsmåla.
- Distriktskommisjonen kjem med ei heilskapeleg tilnærming, kor dei ulike forslaga må sjåast i ein samanheng.
- Fylkeskommunen ønskjer å handsame høyringane til NOU 2004:19 "Livskraftige distrikter og regioner" og KOU 2004:1 "Sterke regioner" i samanheng, då dei i stor grad inneheld samanfallande problemstillingar.

Det kan vere aktuelt å kome med ei supplerande uttale innan fristen 14. oktober 2005 dersom den politiske prosessen lokalt eller sentralt skulle tilseie dette.

Hovudinnhald i distriktskommisjonen

Problemforståing

Distriktskommisjonen tar utgangspunkt i følgjande problemforståing:

- Sprik mellom mål og røyndom. Sentraliseringa fortsetter som før, og dei verkemidla som blir sett inn er ikkje tilstrekkelege til å kunne endre utviklinga. Likevel består den politiske retorikken og målsettinga om å bevare hovudtrekka i busettingsmønsteret.
- Verdiskapingspotensial som ikkje blir utløyyst. I heile landet, og særleg i distrikta, er det ressursar som ikkje blir utnytta. Handlingsrommet lokalt blir innsnevra i ein slik grad at lokalsamfunn ikkje lenger blir i stand til å ta ansvar for eiga utvikling.

- Mangel på heilskapsperspektiv. Ein meir sektorisert statleg politikk (t.d. gjennom ulike regioninndelingar) gjer det vanskelegare å tilpasse regional- og distriktpolitikken til føresetnader og utfordringar i det einskilde lokalsamfunn og den enkelte region.

Politikk for utvikling av regionale fortrinn

Hovudmålet for distriktskommisjonen er å skape vekst og utvikling i alle delar av landet, for på denne måten å auke den nasjonale verdiskapinga. Kommisjonen meiner konkurransen om kapital og arbeidskraft vil stå mellom regionar, og regionane må ha ei regional spesialisering i den internasjonale konkurransen. Noreg er eit høgkostland og må basere si økonomiske framtid på kompetanse og evne til innovasjon. Naturressursar vil fortsett vere ein viktig basis for næringslivet i Noreg, men konkurranseevna og ei stendig større del av verdiskapinga vil vere knytt til kompetansebaserte oppgåver og vår evne til å liggje kunnskapsmessig i front. Politikken må ha eit regionalt perspektiv, som går ut over den einskilde kommune, og vere tilpassa føresetnader og behov i den einskilde region. M.a. må regionalpolitikken ha til formål å binde by og land tettare saman. Det må utviklast sterke og internasjonalt konkurransekraftige regionale nærings- og kunnskapsmiljø. Dette vil også kunne demme opp for ei einseitig utvikling der Oslo-området blir stadig meir dominerande som tyngdepunkt.

Premissar for måldiskusjon

Distriktskommisjonen har lagt følgende premisser til grunn for sin måldiskusjon:

- I tråd med *nærleiksprinsippet* bør avgjerder blir gjort på det lågaste effektive forvaltingsnivået. Avgjerder som krev skjønn eller inneber prioriteringar mellom ulike omsyn og interesser bør gjerast av direkte folkevalte organ.
- Målsetjingane i distrikts- og regionalpolitikken skal vere *ærlege*. Dei skal skildre ei ønska utvikling, vere realistiske i forhold til kva som er mogleg å oppnå og dei skal være balanserte i høve til andre samfunnsmessige målsettingar.
- Norsk næringsliv må vere i stand til å møte internasjonal konkurranse både ute og heime.
- Målsetjingane skal vere *forutsigbare* og *robuste*. Det vil seie at dei bør kunne stå seg over tid, både i høve til utviklinga i nasjonale og internasjonale råmevilkår, og i høve til skiftande konstallasjonar i Stortinget.
- Einskildmenneske og næringsaktørar gjer sine *eigne og frie val*, innanfor dei råmevilkåra samfunnet og fellesskapet sett.
- Busetnadsmønsteret vil i hovudsak liggje fast i lang tid framover.
- Samfunnets *evne til å endre seg og møte nye utfordringar* vil vere grunnleggjande for å kunne lukkast i distrikts- og regionalpolitikken.
- Våre rike *naturressursar* skal fortsett nyttast til å byggje landet.

Kommisjonen skil mellom regional- og distriktpolitikk:

Regionalpolitikken skal fokusere på å:

- gjere verdiskapinga i landet størst mogleg
- å styrkje samspelet mellom sentrum og distrikt
- territoriell samordning av m.a. statleg sektorpolitikk

Distriktpolitikken skal kompensere for geografiske veksthindringar og stimulere til lokal tiltakslyst.

I følge distriktskommisjonen er det eit stort handlingsrom for å endre kurs. I den breie distriktpolitikken står vi stort sett fritt, mens i den smale og næringsretta politikken har vi eit stort unytta handlingsrom

Visjon

Utvalet gjer framlegg om følgjande visjon:

"Videreutvikle attraktive og livskraftige lokalsamfunn gjennom et aktivt og konkurransedyktig næringsliv og likeverdige tjenestetilbud i hele landet, med sikte på å opprettholde hovedtrekkene i bosettingsmønsteret"

Overordna strategiar

Kommisjonen har *fire overordna strategiar* for arbeidet.

- Politikk for å møte endring
- Vekt på den breie politikken
- Desentralisering av makt til folkevalde organ
- Utnytte handlingsrommet i den smale distriktpolitikken

Tilrådingar når det gjeld styringsstruktur.

Heile kommisjonen tilrår at ein hovudstrategi bør vere å desentralisere makt til underliggjande forvaltningsnivå. Vidare at staten fortsett skal ha det overordna ansvaret for sektorpolitikken og å fastsetje distrikts- og regionalpolitiske målsettingar knytt til dei ulike politikkområda. Den statlege politikken bør ta utgangspunkt i at dei ulike regionane har ulike føresetnader for vekst. Fleirtalet i kommisjonen (12 personar) meiner det må leggjast opp til ei styrkt territoriell samordning av statleg sektorpolitikk på regionalt nivå.

Trenivåmodell: Fleirtalet (12 medlem) meiner det er behov for desentralisering av makt til både kommune- og regionnivå. Mellom anna ønskjer dei eit langt sterkare regionalt nivå enn dagens fylkeskommunar, og meiner at dette må skje gjennom desentralisering av oppgåver og makt frå staten. Sterke og sjølvstendige regionar må ha makt til å foreta ei reell territoriell samordning av politikken på dei områda som er viktige for regional utvikling. Meir ansvar og mynde til dette nivået betyr ikkje utan vidare at det regionale forvaltningsnivået må utføre alle oppgåvene sjølv. Det viktige er at regionane får bestillaransvaret.

Eit medlem i fleirtalet argumenterer for ein modell med rundt 80 regionkommunar, i hovudsak basert på dagens kjente arbeids- bu og serviceregionar.

Det er ulike synspunkt blant fleirtalet om kor mange regionar Noreg bør ha i framtida.

Tonivåmodellen. Mindretalet (3 representantar) ønskjer ei avvikling av fylkeskommunen og etablering av ein ny forvaltningsstruktur med to folkevalte nivå. Først og fremst ser man for seg ein samanslåing av kommunar, for mellom anna å skape einskaplege forvaltningsstrukturar rundt dei naturlige arbeids-, bu og serviceregionar som har vokse fram over tid. I tillegg må ein del oppgåver løysast på eit større regionalt nivå. Dette kan dels gjerast gjennom fleksible samarbeidsmodellar mellom kommunane, og dels ved å vidareutvikle fylkesmannsambetet eller bli erstatta med ein ny regional struktur, t.d. leiest av politisk oppnemnde representantar for den sittande regjeringa ("guvernørar").

Oppgåver for det regionale nivået

I fleirtalet er det ulike syn på kor store regionane bør vere for å kunne ivareta dei oppgåvene dei blir sett til å løyse. Men heile fleirtalet meiner talet på regionar og avgrensinga av dei primært vil vere ei konsekvens av oppgåvene. Fleirtalet i kommisjonen peiker på følgjande oppgåver som bør overførast til eit regionalt folkevald nivå:

- Infrastruktur og samferdsel. Overføring av ansvaret for riksvegane utanom stamvegane. Vidare eit større ansvar for å samordne utbygging av transportmessig infrastruktur, samferdsel, kollektivtrafikk og arealbruk, samt utbygging av breiband.
- Utdanning og forskning. Behalde ansvaret for det vidaregåande skuleverket. I tillegg forvalte tilstrekkelege midlar til at høgskolar og universitet motiverast til å innrette sin aktivitet i tråd med regionale utviklingsstrategiar. Vidare større påverknad på Forskningsrådets strategiar og satsingar, samstundes som den nasjonale samordninga fortsett blir ivareteken. Vidare bestillaransvar i høve til delar av dei samla forskingsmidla.
- Næringsutvikling. I tillegg til dagens bestillaransvar overfor Innovasjon Norge bør regionane også ha eit tilsvarande ansvar i høve til SIVA. Vidare utvida ansvar innan bygdeutvikling, kompensasjonsmidlane for auka arbeidsgivaravgift (dei næringsretta utviklingsmidla) og Aetat sine kvalifiseringsmidlar.
- Kultur og idrett: Fleire av riksinstusjonane for kunst- og kulturformidling bør vurderast avvikla til fordel for styrka kulturaktivitet i regionane. Dette nivået bør også få eit utvida ansvar for idrettspolitikken, musea, større kulturinstusjonar og internasjonalt kultursamarbeid.

- Kommuneoverskridande areal- og ressursforvaltning: Utforme ein heilskapleg arealpolitikk, basert på overordna strategiar for utbyggingsmønster og ressursutnytting.
- Innan helse meiner kommisjonen at regionane bør ha ei oppgåve i forhold til førebyggjande folkehelse og dialog med helseføretaka om strategiske vegval.
- Oppgåver i høve til miljø, fiskeri, landbruk og Aetat.

Eit mindretal meiner at regionane bør igjen ha ansvaret for sjukehusa.

Kommunane

Når det gjeld kommunane, meiner kommisjonen at det fortsett bør vere generalistkommunar. Dei rår også til at det bør overførast ytterligare oppgåver og ansvar til det *kommunale nivået*. Dette for å gje kommunane større mulegheit til å ta ansvar for eigne ressursar og eiga utvikling. Spesielt vil det være aktuelt å styrkje kommunane sitt ansvar for arealforvaltning, næringsutvikling og stadsutvikling.

Distriktskommisjonen viser til at særleg i dei tett folketette områda er det mange kommunegrenser som splittar tett koplade arbeids-, bu og serviceregionar (ABS-område). Dette er områdar som er sterkt avhengig av kvarandre og kor det er behov for planlegging på tvers av kommunegrenser. Det er desse områda som bør prioriterast i ein gjennomgang av kommunestrukturen. Fleirtalet i kommisjonen meiner mange distriktskommunar har så stort areal og så spreitt busetting, og at ei samanslåing mellom slike kommunar og vil gi lita gevinst.

Mindretalet som ønskjer ein to-nivåmodell, vil ha ei utvikling av større kommunar som omfattar felles arbeids-, bu- og serviceregionar.

Samspel mellom nivåa

Fleirtalet i kommisjonen som ønskjer ein tre-nivåmodell rår til at det vert utvikla nye samarbeidsformar mellom statleg og regionalt nivå. Staten har det overordna ansvaret, samstundes som det regionale nivået får meir forutsigbare rårer og større fridom. Heilskaplege og fokuserte regionale plandokument må bli viktige premisser i den statlege planlegginga. Kommisjonen meiner det må vere dialog, forhandlingar og forpliktande avtaler mellom statlig og regionalt nivå

Tilrådingar for auka verdiskaping i viktige distriktsnæringar

Arealvern og bruk av naturressursar

Heile kommisjonen tilrår at det vert gitt moglegheit for regionale tilpassingar og prioriteringar innan arealvern og bruk av arealressursar ved at planlova opnar for geografisk differensiering og at forvaltingsmynde leggjast til underleggjande forvaltningsnivå. Kommunane bør bli gitt fridom til å gjere endelege vedtak i fleire plan- og regulerings saker. Vern gjennom fornuftig bruk bør leggjast til grunn som forvaltingsprinsipp i verneområde.

Landbruk

Heile kommisjonen meiner Noreg bør arbeide for å behalde eit størst muleg handlingsrom for norsk landbrukspolitik. Dei rår til at ein bør utnytte dei mulegheitene som ligg i meir forbrukarretta matpolitikk med fokus på heile matkjeda frå jord til bord. Foredling, merking og sporbarheit er viktige element i dette. Norsk landbruk bør fortsett ivareta samfunns mål som matvaretryggleik, busetnad og kulturlandskap.

Fleirtalet i kommisjonen meiner at frigjorte midlar innan landbruksoverføringane bør brukast til å skaffe ny verkesemd i distrikta, også uavhengig av landbruksverksemd. Eit fleirtal meiner slike utviklingsmidlar bør forvaltast av det regionale nivået. Eit mindretal vil bruke ev. reduksjonar i det samla produksjonstilskotet om muleg til landbruk og bygdeutvikling. Eit anna mindretal meiner det bør leggjast opp til eit fritt landbruk som gir kvar einskild produsent eit reelt val til produksjon innan dei rårer som marknaden, eigeninteresser og økonomi sett.

Fiskeri

Innan fiskeripolitikken bør vi betre sjå samanhengen mellom fangstleddet og verdiskapinga på land, med vekt på marknaden. Ei ordning med grunnrente (ressursavgift) bør bli utgreidd. Fleirtalet meiner denne ressursavgifta bør tilfalle det regionale nivået.

Fleirtalet meiner at innanfor prinsippet om at fiskeriressursane er nasjonale ressursar, bør det kunne utgreiast ei ordning med eit regionalt forvaltingsansvar. Mindretalet vil ikkje ha ei regionalisering av kvoter. Dei meiner at det bør kunne bli utvist ein viss fleksibilitet i høve til spesielle problemstillingar i ulike delar av landet.

Fleirtalet meiner råfisklova og deltakarlova bør oppretthaldast og vidareutviklast. Mindretalet vil at det bør opnast for at fiskeribedrifter skal kunne eige fiskefartøy med fiskarar, og at det blir etablert ein fleksibel bruk av kvotar mellom fartytpar. Vidare vil dei ha ei revisjon av sentrale lovar i fiskerinæringa.

Havbruk

Heile kommisjonen meiner at dagens konsesjonsavgiftar for nye havbruksanlegg bør avviklast og erstattast av ei ny arealavgift som tilfaller kommunane. Eit mindretal meiner dette bør gjerast i form av ei tidsavgrensa arealavgift for nye anlegg. Heile kommisjonen meiner at den offentleg finansierte FOU-innsatsen bør styrkjast, særleg innanfor produktvikling og oppdrett av nye artar. Det bør utviklast avtalar som sikrar marknadstilgang.

Fleirtalet meiner konsesjonsvilkåra bør differensierast ut i frå dei ulike regionar sine klimatiske føresetnader. Eit mindretal meiner konsesjonsvilkåra bør liberaliserast.

Reiseliv

Heile kommisjonen meiner det offentlege bør i større grad medverke til å utvikle samarbeidsstrukturar og løyse fellesoppgåver innafor reiselivet. Det bør stimulerast til utvikling av aktivitetsbasert turisme. Vidare satse meir på FOU for å utvikle berekraftig reiselivsaktivitet i og omkring verna områdar og nasjonalparkar. Det bør leggjast til rette for utvikling av eit tettare samarbeid mellom landbruk og reiselivsnæringa.

Elektrisk energi

Heile kommisjonen meiner staten bør satse på å utvikle fleire kostnadseffektive kraft- og energikjelder. Vidare bør nettariffane for sentralnettet justerast slik at dei reflekterer både nettkostnadene og det reelle krafttapet i nettet. Dei viktige inntektene frå kraftproduksjon som i dag tilfallar kommunar og fylkeskommunar bør også i framtida kome det lokale og regionale nivået til gode.

Industri

Heile kommisjonen meiner at det bør utviklast ein meir målretta industripolitikk for utnytting av komparative fortrinn. Vekstkraftige nærings- og kompetansmiljø bør styrkast, og stimulere til omstilling og modernisering av industrien. Det bør satsast på forskning og utvikling for å bidra til å oppretthalde teknologiske forsprang. Det bør også vurderast å utvikle former for samfunnskontraktar mellom staten og aktørane ved industriell utnytting av elektrisk kraft.

Petroleum

Heile kommisjonen meiner det bør leggjast til rette for stabilitet og forutsigbarheit i leiting, utvikling og utbygging av norske olje- og gassfelt. Utbygging og drift av petroleumsfelta bør gje regionale ringverknader nært der verksemda skjer. Det bør utformast gode rammevilkår for bruk av gass. Gassinfrastruktur og transportprising bør leggje til rette for at nærleik blir eit komparativt fortrinn for ny utvikling av arbeidsplassar i distrikta. Vidare bør forskings- og utviklingsprogramma i sterkare grad rettast mot korleis ein kan fremje dei regionale og industrielle ringverknadene og dei teknologiske og miljømessige utfordringane i nordområda. Framtidige utbyggingskonsept bør leggje vekt på miljømessige omsyn og regionale ringverknader.

Tenesteytande næringer

Heile kommisjonen meiner det m.a. er behov for å utvikle kompetansekrevjande næringer i distrikta. Desse nye næringane har behov for investeringar i løpande kompetanseutvikling, innovasjonsaktivitet og nettverksbygging. Kultur som næring bør vurderast innanfor den bedriftsretta næringspolitikken på same måte som andre sektorar.

Lokalisering av offentleg verksemd

Eit fleirtal meiner at lokalisering av statlege regionale og kommunale arbeidsplassar bør brukast aktivt for å tilføre lokalsamfunn og regionar nye utviklingsressursar i form av arbeidsplassar, kompetanse og større fagmiljø. På regionalt nivå bør ein vere open for å lokalisere den regionale forvaltinga på andre og eventuelt fleire stader enn den som står fram som naturlege regionsentra. Lokalisering av ny statleg verksemd skal som hovudregel skje utanfor Oslo, og arbeidet med å flytte ut statlege arbeidsplassar ut av Oslo bør først vidare.

Eit mindretal i kommisjonen meiner at lokalisering av offentleg basisverksemd bør primært fastsetjast ut i frå ei heilskapleg vurdering av kostnader, kompetanse og funksjonalitet.

Innovasjon og nyskaping

Heile kommisjonen er samde om følgjande tilrådingar når det gjeld innovasjon og nyskaping:

- Ein hovudstrategi for vår nasjonale emne til innovasjon og nyskaping bør vere å leggje til rette for utvikling av sterke, dynamiske regionar.
- Bedriftsforankringa av innovasjonsretta program og tiltak bør styrkast.
- "Center of Expertice" bør etablerast som nasjonalt verkemiddel for å fremje internasjonale vekstbedrifter og næringsmiljø.
- Verkemiddelapparatet bør styrkje si rolle som aktiv tilretteleggjar for samspel mellom einskildaktørar, særleg i høve til mindre næringsaktørar i distrikta.
- Kunnskapsparkear og industriinkubatorar bør først vidare og utviklast.
- Det bør utviklast kultur for entreprenørskap i alle delar av landet, og det bør skapast ein ja-kultur i offentleg forvaltning.
- Utvikling av entreprenørskap i skulen.
- Det offentlege bør føre ein meir målretta innkjøpspolitikk, ma. bør utviklingskontraktar brukast meir.
- Verkemiddelapparatet bør i sterkare grad gje ei aktiv oppfølging og bidra til rådgjeving og finansiering.
- Den vidare satsinga på universitet, høgskular og dei regionale forskingsmiljøa bør søkje å prioritere og forsterke dei regionale fortrinna. Finansieringssystemet bør stimulere til å tilpasse eiga verksemd til regionale behov og mulegheiter.

Eit fleirtal meiner den offentlege innkjøpspolitikken i Noreg er underlagt strengare reglar enn naudsynt, og vil heva grensa på kr. 200.000 for når offentlege innkjøp må ut på anbod.

Eit mindretal viser til at etablerarstipend og nettverkskreditt i stor grad når kvinner i etableringsfasen. Det bør stillast resultatkrav for å sikre at prioriterte grupper blir nådd.

Attraktive og livskraftige samfunn

Heile kommisjonen er samde om at det må vere samsvar mellom kommunale oppgåver og økonomiske ressursar. Rammefinansiering bør vere hovudprinsippet i det kommunale inntektssystemet. Innan dei økonomiske rāmene bør lokalpolitikarane få avgjere korleis velferdstilbodet skal utformast.

Eit fleirtal meiner at kommunesektoren bør ha forhandlingsrett med staten om utvikling og iverksetjing av nye oppgåver som kommunane blir pålagde. Eit mindretal meiner kommunane bør regulere sine eigne inntekter gjennom innføring av fri beskatningsrett.

Eit fleirtal meiner inntektssystemet bør kompensere for at distriktskommunane har andre føresetnader enn større og meir sentrale kommunar. Eit mindretal meiner at dei viktigaste primæroppgåvene bør finansierast gjennom stykkpris.

Samferdsel og infrastruktur

Heile kommisjonen meiner at for å redusere avstandsulempa bør det investerast meir i infrastruktur og vedlikehaldet ved:

- å satse på transportkorridorar og å utvikle intermodale knutepunkt
- å fjerne flaskehalsar
- å oppretthalde den regionale flyplasstrukturen, og å utvide offentlege kjøp av flytenester
- at det offentlege tar ansvar for at det rakst byggjast ut ein IKT-infrastruktur som kan møte framtidige krav til kapasitet også i dei delane av landet der marknadsgrunnlaget er for lite til at det kan skje utanom offentleg medverknad.
- at gebyr- og avgiftsordninga bør stimulere til auka sjøtransport
- at det blir oppretthalde eit likeverdig nivå på posttenestene over heile landet

Eit mindretal meiner at takstane på dei dyraste ferjestrekningane bør reduserast monaleg som eit første skritt på vegen til å gjere ferjene "gratis" på sikt.

Geografisk differensiering av verkemiddel

Innan den smale distriktspolitikken bør det bli gitt prioritet til tiltak for å utvikle nye og sikre levedyktige arbeidsplassar i distrikta, tiltak retta mot fornying og omstilling og tiltak som kan styrkje samspelet mellom by og land innan den einskilde region.

Eit fleirtal tilrår at den smale distriktspolitikken vert tilført meir midlar, og at husbanken blir styrkt som ein ålmann bustadbank som blir gitt låneråmer som står i forhold til det etterspurte behov. Husbanken bør ha betre moglegheit for å finansiere nybygging i område der annenhandsverdien av bustader er låg. Eit anna fleirtal vil oppretthalde og auke pendlarfrådraget.

Eit fleirtal tilrår at den differensierte arbeidsgjevaravgifta bør i så stor grad som mogleg bli oppretthaldt og gjeninnført dersom regelverket i EU tillet dette. Eit mindretal vil ikkje gjeninnføre ordninga.

Heile kommisjonen meiner det distriktspolitiske verkemiddelområdet bør fortsett definerast slik at ein kan ha ulik verkemiddelbruk i områder med ulik distriktsutfordringar.

Eit fleirtal meiner at for å unngå at dei mest sårbare småsamfunna forvitrar, er det viktig å oppretthalde grunnleggjande tilgang på tenester. M.a. bør støtta til nærbutikkar vidareførast, og førstelinetenesta for statlege etatar bør leggjast til rette i eit samarbeid med kommunen.

Eit fleirtal meiner tiltakssona for Nord-Troms og Finnmark bør oppretthaldast så lenge dei distriktsmessige utfordringane i dette området er som i dag. Blir situasjonen endra, bør situasjonen bli vurdert på ny. Same type sterke verkemiddel bør kunne nyttast i andre områder av landet med tilsvarande verkemiddel. Eit mindretal meiner det bør opprettast eit nasjonalt senter for småsamfunn.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Eit sterkt folkevald regionalt nivå

Etter fylkesrådmannen si vurdering gir distriktskommisjonen ei god skildring av dei viktigaste utfordringane innan distrikts- og regionalpolitikken. Det er grunn til å leggje merke til at sjølv om det er ulike syn i kommisjonen når det gjeld dei ulike vegvala, er det grunn til å presisere at dei er samde om skildringa av utfordringane, og er samde om overordna strategiar. Alle er også samde om at det er behov for ei sterkare koordinering på regionalt nivå.

Distriktskommisjonen kjem med ei heilskapleg tilråding, der dei ulike framlegga og tilrådingane inngår i ein heilskap. Eg vonar at einskildframlegg ikkje blir trekte ut og handsama separat utan nokon heilskap.

Distriktskommisjonen skildrar ein fragmentert statleg politikk, der kvar sektor organiserer seg ut i frå kva som er optimalt i den einskilde sektor. Dette fører til mangel på heilskaplege løysingar. Vi har mange døme på dette, t.d. at ulik geografiske inndelinga av statlege etatar. Dette vanskeleggjar ei samordna styring. Og vi ser at sektorar som t.d. helseføretak omorganiserer utan at dei tek omsyn til at dette påfører kommunar og andre etatar meir kostnader. Styring på regionalt nivå, med dei oppgåver kommisjonen meiner bør liggje på dette nivået, handlar om å utvikle samfunnet i heile si breidde. Det er ei anna strategi enn å administrere ulike samfunnssektorar. Eg meiner difor at ein heilskapleg og samordna politisk innsats stiller krav til regionalt folkevald leiarskap.

Eg vil på dette grunnlag rå fylkestinget til å gje si støtte til kommisjonen si fleirtalstiltråding om eit folkevald mellomnivå som har ansvar for regional utvikling innan sine geografiske grensar.

Skal det opprettast sterke regionar, må dei ta det fulle ansvar for å ta avgjerder. Dette kan bidra til å gje regionane ein sterkare legitimitet i folket til også å ta vanskelege avgjerder, og til å gjennomføre vedtaka på ei effektiv måte. På den måten kan ein unngå at saker må gå igjennom fleire nivå før avgjerder vert teke.

Val av styrings- og finansieringsmodellen må byggje på at regionane skal vere eit sterk og sjølvstendig forvaltingsnivå, med klårt definerte oppgåver, ansvar, myndigheit og finansiering. Dette skal gi regional meirverdi til den nasjonale politikken ved å ivareta nasjonale interesser i politikktutforming og gjennomføring. Slike sterke regionar vil gje det beste grunnlaget for eit omfattande og forpliktande samarbeid med stat, kommune, næringsliv og organisasjonar om regionale utviklingsspørsmål. Ei hovudutfordring vil vere å utforme eit styringssystem slik at regionane vert sikra fridom og handlingsrom innanfor rāmene av ei overordna nasjonal styring. Dette må utgreiast vidare, men eg trur det er naturleg at regionane i hovudsak blir rāmefinansiert. Skatterett bør etter mi meining greiast ut. Det bør også vurderast om både det kommunale og regionale nivået bør bli grunnlovsfesta. Dette vil kunne gje større moglegheit for å sikre at det såkalla subsidiaritetsprinsippet (at avgjerder skal bli teke på lågast effektive nivå) vert fylgt.

Eg meiner at dersom regionane skal ta over ansvar for breie samfunnsoppgåver, krev dette større regionar enn dagens fylkeskommunar. Eg finn det naturleg at det vert arbeidd vidare med å etablere ein region med heile eller delar fylka som inngår i Vestlandsrådet. Eg viser til to saker der det vert kome nærare inn på dette, sak om "Sterke regionar (KOU 2004:1) – Høyringsfråsegn" og sak om "Utgreiing av eit eventuelt nytt regionalt nivå på Vestlandet".

Større regionar vil venteleg også ha større gjennomslagskraft på nasjonalt og internasjonalt nivå. Landsdelane har behov for eit sterkt nasjonalt nivå som kan tale landsdelen si sak. Dette kan motvirke ei stendig sterkare sentralisering til Oslo-området.

Eg meiner at forpliktande avtaler mellom nasjonal stat og folkevald regionalt nivå bør prøvast ut til dømes i samband med oppfølging av einskilde strategiske satsingar i fylkesplan/regionplan og knytt til spesielle områder/oppgåver for å forplikte begge nivå i høve til oppfølging. Denne oppfølginga må vere lenger enn budsjettåret. Den etablerte konsultasjonsordninga mellom stat og kommunesektoren bør kunne vidareutviklast slik at den kan dekkje delar av denne styringsdialogen. Forpliktande avtaler mellom partar på regionalt nivå vil særleg vere aktuelt på område kor det regionale folkevalde nivået har bestillar- eller samordningsansvaret.

Oppgåver for sterke regionar

Eg vil rå til at det vert gitt ei klår prinsipiell støtte til tilrådinga til fleirtalet i distriktskommisjonen om kva for oppgåver det regionale nivået bør ha ansvar for. Den vidare prosessen bør definere oppgåvene ytterlegare.

Innan næringsutvikling er det sentralt at regionane har ansvar for politikktutforming på regionalt nivå. Dette må gjerast i eit samspel med næringslivet og deira organisasjonar, utdannings- og forskingsmiljø og kommunar og andre offentlege organ, og i tråd med statlege overordna føringar og mål.

Regionen må i tillegg ha verkemiddel for å gjennomføre politiske mål og strategiar. Eg meiner som distriktskommisjonen at det er særleg sentralt at regionane har eit bestillaransvar både i høve til Innovasjon Noreg og SIVA. Vidare må regionen som det er tilfelle for fylkeskommunane i dag, ha ansvar for verkemidla innan den smale distriktpolitikken.

Styrke regionar bør ha ansvar for å utforme mål og retningslinjer for næringsutvikling og ha verkemiddel for å påverke høgskuler og universitet til å følgje desse. Det sentrale er difor at regionane kan påverke høgare utdanningsinstitusjonar og forskingsmiljø til i større grad å innrette sitt studietilbod og si forskning inn mot behova i regionen. Dette krev ikkje nødvendigvis driftsansvar, og eg vil på dette grunnlag rå fylkestinget til å støtte framlegget frå kommisjonen om at det regionale nivået har slike verkemiddel. Vidare er det behov for at regionane får større påverknad i høve til prioriteringar innan Norges forskingsråd.

Det vil vere naturleg at regionane disponerer utvida verkemiddel innan utvikling av viktige distriktsnæringar som fiskeri og havbruk, reiselivsutvikling, landbruk osv. Døme på dette kan vere:

- Areal er ei avgrensande faktor for havbruksnæringa. Eit regionalt med ansvar for overordna arealforvaltning og næringsutvikling bør også ha ansvar for fordeling av havbrukskonsesjonar ut i frå statleg fastsette råmer og retningslinjer
- Bygdeutvikling og bygdeutviklingsmidlane er viktige som distriktpolitiske verkemiddel. Eg finn det naturleg at regionane får eit større ansvar for utvikling av distrikta gjennom å kunne disponere desse midla.
- Fiskeri er ei sentral distriktsnæring. Det bør greiast ut om regionane bør fordele fiskekvotar innanfor statlege råmer og retningslinjer.

Arbeidsmarknadspolitikken er nært relatert til næringsutvikling, og regionane har ansvar for viktige delar av utanningssektoren. Det vil då vere naturleg at regionane også har påverknad på omstillingsprogram, yrkesrettleiing og attføring. Eg finn det naturleg at i den vidare prosessen med samordning/omorganisering av Aetat og trygdevesenet, vert vurdert om visse av dei bedriftsretta verkemidla til Aetat bør liggje på regionalt nivå.

Vidaregåande opplæring er ei sentral oppgåve for fylkeskommunane i dag, ei oppgåve fylkeskommunane løyser på ein god måte. Eg finn det naturleg at regionar som har ansvar for næringsutvikling, også bør fortsett ha ansvar for vidaregåande utdanning.

Kultur- og idrettsfeltet er i stor grad prega av detaljert statleg styring. Vi ser også at satsing på ulike typar av nasjonale institusjonar osv som blir lokaliserte i Oslo-området. Det er behov for å utvikle ein regional kulturpolitikk, og dette vil også vere eit viktig bidrag for å skape ei sterkare Vestlandsidentitet og for å få fram gode kunstnarar i landsdelen.

Anlegg til idrett og friluftsliv har ein distriktsprofil som er viktig i høve til infrastruktur, utvikling av fysisk aktivitet og ikkje minst eit næringsperspektiv. Regionane bør få råmetilskot for spelemidlar til idrett og friluftsliv som kan forvaltast etter behov i regionen.

Eg er samd i at riksteateret, rikskonsertane og riksutstillingane bør vurderast avvikla til fordel for auka kulturaktivitet i regionane. Vidare bør det regionale nivået få utvida ansvar for musea, og få ansvar for fordeling av midlar til organisasjonar, lag m.m. Eg er derimot usikker på om det vil vere føremålstenleg at regionane overtek ansvaret for dei store kulturinstitusjonane, dette bør i så fall vurderast nærare.

Innan helsevesenet er eg og samd i at det sentrale i første omgang er at det regionale folkevalde nivået har påverknad på strategiske vegval til helseføretaka. Eit første skritt kan vere at lokale og regionale folkevalde blir representerte i styra for føretaka. Det kan også bli etablert dialogarenaer mellom regionalt nivå og sjukehusa. Eg kan derimot ikkje sjå at den regionale utviklingsrolla nødvendigvis krev overtaking av driftsansvaret for sjukehusa. Det er viktigare, slik kommisjonen gjer framlegg om, at regionane har påverknad i høve til strategiske val for institusjonane.

I dag har fylkesmannen og fylkeskommunen delvis overlappende kompetanse. Samordning av oppgåvene mellom fylkesmann og fylkeskommunen vil kunne gje eit meir kvalifisert administrativt apparat og bidra til å effektivisere forvaltninga. Det vil då vere naturleg at fylkesmannen sine oppgåver blir avgrensa til oppgåver som ikkje krev lokalt og regionalt skjønn, slik som tilsyn, klagehandsaming og kontroll, samt samfunnsberedskap.

Eg ser det som rett at det regionale folkevalde nivået får større påverknad på kommuneoverskridande planlegging og disponering av areal og naturressursar basert på samhandling og ei avklart ansvars- og myndefordeling mellom det kommunale og regionale nivået. Dette krev at fylkesplanane blir gjort meir forpliktande enn i dag. Det er behov for å formalisere mulegheita for geografisk differensiering av planlova, og for å kunne utvikle tilpassa løysingar lokalt og regionalt. Eg meiner også at eit folkevald regionalt nivå kan i større mon finne gode praktiske løysingar der ulike omsyn innan arealforvaltning som t.d. miljøvern, behov for næringsutvikling, gode transport osb. kan bli vurdert opp mot kvarandre. Dette er eit område der det særleg er behov for ein heilskapleg regional politikk.

Ein sterk region må ha eit heilskapleg regionalpolitisk ansvar inklusiv ansvar for distriktpolitiske spørsmål. Det lokal ansaret i distriktpolitikken må aukast. Det må vere samsvar mellom måla i distriktpolitikken og dei verkemidla som blir sett inn.

Vi ser i dag ei detaljert statleg styring innan ei rekkje samfunnssektorar, og svak kommunal og fylkeskommunal økonomi. For fylkeskommunen - og slik vi opplever dei fleste kommunar, er det også sentralt å få større råderett innan dei ansvarsområda ein har i dag. Det viktigaste for ein region vil truleg vere å ha handlingsrom og å få disponere frie midlar til regional utvikling.

Ved fastsetting av dei økonomiske râmene for dei nye regionane, må prinsippet vere at pengane følgjer oppgåvene.

Staten må nasjonalt leggje til rette for at framtidig regional og lokal stat har naudsynt fridom og handlingsrom til å fylla sine oppgåver i det regionale partnerskapen. Staten må leggje til rette for at statlege sektorar på regionalt kan ha lokale og regionale tilpassingar i ein dialog med kommunar og regionar.

Det vil samstundes vere viktig at staten si regionale organisering må tilpassast regionane si organisering.

Oppgåver for det kommunale nivået

Eg er også samd i at dei oppgåvene som kan leggjast til dagens (eller til det framtidig) kommunale nivået bør leggjast til kommunane. Samstundes må framtidige oppgåver for kommunane bli sett i ein samanheng med framtidig storleik på kommunane. Spesielt gjeld dette når det gjeld arealforvaltning og samfunnsplanlegging.

Etter mi meining er distriktskommisjonen noko uklar når dei seier at fleire oppgåver innan arealforvaltning, stadsutvikling og næringsutvikling bør leggjast til kommunane. Innan næringsutvikling og stadsutvikling er det i dag ikkje først og fremst formelle hindringar i vegen for at kommunane kan ta på seg oppgåver. Det er truleg viktig at kommunane får auka handlingsrom og økonomi slik at dei kan drive meir aktiv samfunnsplanlegging og samfunnsutvikling.

Kommunane har i dag ansaret for arealplanlegginga, og vi kan ikkje sjå at det er behov for vesentlege lovendingar på dette området. Det er også i dag moglegheit for ei viss regional tilpassing av planloven gjennom fylkesplanlegginga. Det er derimot behov for å styrkje den arealmessige delen av fylkesplanlegginga (som også distriktskommisjonen gjer framlegg om), styrkje kompetansen om arealforvaltning på lokalt nivå, og sjå nærare på praktisering av lovverket.

Det må vere eit godt samspel mellom kommunane og regionen i regionalt utviklingsarbeid. Kommunane må ha stor påverknad på utvikling av politiske strategiar og verkemiddelbruk på regionalt nivå. Det er viktig for å få til gode, regionalt tilpassa samhandlingsprosessar mellom kommune- og regionnivå.

Dei store byane

Etter mi meining er rolla til dei større byane i lita grad omtala av kommisjonen. Dei store byane er viktige både i kraft i si storleik og si rolle som sentra i sine bu- arbeids- og serviceregionar, men er og viktige som drivkrefter for den økonomiske utviklinga i regionen og har og viktige nasjonale funksjonar som landsdelssentra for sine landsdelar.

Regionane har særleg eit ansvar i høve til å leggje strategiar og ha verkemiddel for å nytte krafta frå byane

Det bør leggjast opp til ei føremålstenleg spreining av regionale funksjonar, kompetansemiljø og styringssystem i heile regionen, slik at etablering av regionar ikkje fører til ei forsterka sentralisering på regionalt nivå. Dette vil vere viktig for å få ei balansert utvikling i heile regionen, og også for å få støtte for ein slik forvaltningsreform i kommunesektoren.

Andre framlegg til tilrådingar

Utvalet har som nemnt over ei rekkje konkrete framlegg til politikk innan ulike distriktsnæringar og innan distrikts- og regionalpolitikken. Eg er i hovudsak samd i utvalet sine fleirtalstilrådingar, men vil særleg kommentere følgjande punkt:

- Eg er samd med framlegget om at kommunane bør få grunnrente for bruk av sjøareal til havbruksnæringa. Areal er ei avgrensande faktor for utvikling av næringa, og grunnrente vil kunne gje kommunane insentiv til å leggje ut areal til næringa.
- Eg er også samd med distriktskommisjonen sine tilrådingar når det gjeld innretting av den smale distriktspolitikken og at det er behov for å styrkje dette feltet. Det er også behov for å kunne bruke verkemidla meir fleksibelt, som å kunne bruke regionale utviklingsmidlar til tilretteleggjande tiltak som kjem heile regionen til gode. Dette er t.d. viktig i høve til ei vidare utvikling av marin sektor.
- To sentrale energipolitiske saker som bortfall av heimfallsretten og overføringstariffar kunne ha vore omtalt i utgreiinga.
- Det er særleg sentralt å leggje til rette for innovasjon og nyskaping i ei framtidig næringspolitikk. Dette må byggje på dei lokale føresetnadene for regionen.
- I framtidige store regionar vil det vere sentralt å betre dei interne kommunikasjonane for med dette å kunne knyte saman arbeids- og bustadregionane.